




TILSYNSRAPPORT

Tilsyn med kravet til å innhente politiattest og å ikkje tilsetje personar med yrkesforbod





Innhald

1	Om tilsynet	3
1.1	Tema for tilsynet.....	3
1.2	Gjennomføringa av tilsynet	3
2	Overordna regelverk	4
2.1	Kravet til å innhente politiattest og ikkje tilsetje personar med yrkesforbod.....	4
2.2	Kravet til internkontroll	4
3	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	5
3.2	Oppsummering.....	6
4	Våre reaksjonar.....	7
4.1	Pålegg om å rette forholda.....	7
4.2	Erklæring og utgreiing om korleis pålegga er retta	7
5	De har rett til å klage.....	7



1 Om tilsynet

Vi har gjennomført felles nasjonalt tilsyn med Bømlo kommune og Bremnes ungdomsskule og Svortland skule. I denne rapporten presenterer vi våre vurderingar og konklusjonar i tilsynet. Vi har avdekka at det er brot på regelverket og vedtar at de må rette forholda. Dette er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b.

I tilsynet har vi funne at kommunen må sikre at:

- det skal kome fram av tilbodet at de tek atterhald om at merknadar på politiattesten kan føre til at tilbodet blir endra
- politiattesten skal liggje føre før søkaren blir tilsett
- politiattesten ikkje skal vere eldre enn tre månader når han blir levert
- personar med merknadar som gir yrkesforbod, ikkje blir tilsett
- den tilsette som ikkje har levert politiattest, leverer politiattest og at personen ikkje har yrkesforbod

1.1 Tema for tilsynet

Tema for tilsynet er kravet til å innhente politiattest og å ikkje tilsetje personar med yrkesforbod. I tilsynet har vi undersøkt om kommunen oppfyller krava i opplæringslova § 17-11 første og femte ledd, jf. opplæringsforskrifta §§ 12-15, 12-16 og 12-18, og kommunelova § 25-1. Tilsynet er avgrensa til å omfatte faste og mellombelse tilsettingar i grunnskulen og skulefritidsordninga (SFO). Når vi skriv personar med yrkesforbod refererer vi her til personar som er dømde for eller har vedtatt førelegg for seksuelle overgrep mot mindreårige.

For å kunne vurdere om kommunen oppfyller krava i opplæringslova med forskrifter har vi undersøkt om kommunen og skulen har internkontroll som er systematisk og tilpassa arbeidet med kravet til å innhente politiattest og ikkje tilsetje personar med yrkesforbod. Vi har sett nærmare på ansvars- og oppgåvefordelinga mellom kommunen og skulen, om dei tilsette vet kva oppgåver dei har, og om dei har ei felles forståing av rutinar og regelverk. Vi har vidare sett på om manglar i etterlevinga av regelverket blir avdekka, og om kommunen og skulen følgjer opp at oppgåvene blir gjennomført som planlagt.

Tilsynet vårt er avgrensa til temaa over. Våre vurderingar og konklusjonar inneheld ingen generell kvalitetsvurdering av kommunen sin praksis utover dei temaa vi har undersøkt.

1.2 Gjennomføringa av tilsynet

Vi sendte brev om tilsyn den 12. desember 2025 og mottok skriftleg dokumentasjon frå kommunen den 18. januar 2026.

Nedanfor gjer vi greie for regelverket, vår forståing av faktum, våre vurderingar og konklusjon.



2 Overordna regelverk

2.1 Kravet til å innhente politiattest og ikkje tilsetje personar med yrkesforbod

2.1.1 *De skal krevje politiattest frå alle som de tilset i fast eller mellombels stilling*

De skal innhente politiattest frå alle som skal tilsetjast i fast eller mellombels stilling, jf. opplæringslova § 17-11. Kravet omfattar vikarar innleigde frå bemanningsbyrå. Det er skulen som skal krevje politiattesten, og det er vikaren sjølv som skal innhente han.

Det må gå fram av utlysingsteksten at søkjarar må leggje fram politiattest før dei kan bli tilsette, jf. opplæringsforskrifta § 12-15. De kan berre krevje politiattest av den som får tilbod om stillinga. Det skal komme fram av tilbodet at de tek atterhald om at merknader på politiattesten kan føre til at tilbodet blir endra. Politiattesten skal liggje føre før søkjaren blir tilsett.

De skal kontrollere at politiattesten ikkje er eldre enn tre månader når han blir levert, jf. opplæringsforskrifta § 12-16.

2.1.2 *De skal følgje opp merknader på politiattesten som gir yrkesforbod, slik at vedkommande ikkje blir tilsett*

De kan ikkje tilsetje eller ha i praksis personar som legg fram politiattest med dom eller vedtatt førelegg for seksuelle overgrep mot mindreårige, jf. opplæringslova § 17-11 femte ledd, jf. opplæringsforskrifta § 12-18.

2.2 Kravet til internkontroll

For å sikre at krava i opplæringslova blir følgde, skal kommunen ha internkontroll. Kravet er eit viktig element i leiinga og styringa i kommunen, jf. kommunelova § 25-1. Oppgåver knytte til internkontroll vil vanlegvis vere delegerte til kvar enkelt skule, men kommunedirektøren er ansvarleg for at rektor følgjer regelverket.

Leiinga må leggje til rette for at dei tilsette blir sette i stand til å innhente politiattest i samsvar med regelverket og overhalde regelen om yrkesforbod. Dette inneber at leiinga må ha gjort det klart kva ansvar kvar enkelt har. Leiinga skal sørgje for at tilsette har ei felles forståing av rutinar og regelverk, og at dei er kjende med korleis dei skal gjennomføre oppgåvene. Leiinga må jamleg følgje med på at regelverket blir følgt, og sørgje for at brot blir både rapporterte og følgde opp. Dersom de ikkje innhentar politiattest og overheld regelen om yrkesforbod, må leiinga gjere nødvendige justeringar for å endre praksis.



3 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

3.1.1 *De skal krevje politiattest frå alle som de tilset i fast eller mellombels stilling*

Våre observasjonar

Kommunen skriv at dei har årlege rektormøte på våren om felles utlysing av stillingar for neste skuleår, der krava til tilsetjingsprosessane også vert gjennomgått. Kommunen har kjøpt Visma sitt digitale verktøy «Veilederen». Det er forventa at skulane nyttar dette verktøyet. Politiattest inngår der i sjekkliste ved tilsetjing.

Det er rektor som tilset lærarar, men også andre tilsette har oppgåver i tilsettingsprosessen. Det vert inngått munnlege avtalar om kven som gjer kva på skulane. Når den tilsette leverer politiattest, vert ein kopi skanna inn, og originalen makulert. Kommunen skriv også at dei har eit informasjonsbrev som kan bli sendt saman med tilsetjingsbrevet, der det vert informert om politiattestkravet, sidan det ikkje står noko om dette i tilbods brevet. Dette brevet vil framover bli lagt inn i malen for tilbods brevet om stilling.

Kommunen skriv også at dei nyttar verktøyet «webcruiter» i tilsetjingane. Det er personalavdelinga som driftar dette, og det vil få ein tilleggsfunksjon i 2026 ved at den som får tilbod om stilling skal kunne skanne inn/laste opp kopi av politiattesten sin. Etter at dette er gjort, kan rektor avslutte saka som tilsetjingssak knytt til stillingsutlysinga. Funksjonen vert ikkje brukt i dag.

Døme frå tilsetjingar ved Bremnes ungdomsskule og Svortland skule

Vi har fått tilsendt seks utlysingstekstar. Av desse er to utlysingstekstar på stillingar ved Svortland skule, ein utlysingstekst for stilling ved Bremnes ungdomsskule og tre utlysingstekstar for stillingar i Bømlo kommune.

I seks av seks utlysingstekstar vi har fått tilsendt, blir det informert om at det vert stilt krav om politiattest ved tilsetjing.

Vi har fått tilsendt ti jobbtillbod på stillingane. Det er ikkje informert om at merknadar på politiattesten kan føre til at tilbodet blir endra i nokon av jobbtillboda. Videre har vi fått tilsendt ti arbeidsavtalar, og det vert ikkje vist til kravet om innhenting av politiattest i desse.

Vi har mottatt dokumentasjon som viser at kommunen har mottatt ni attestar frå tilsetjingar i 2025. I fire av ti tilsetjingar er politiattestane datert *før* vedkommande etter planen skulle tiltre i stillinga si. I fem tilsetjingar er politiattesten derimot datert *etter* oppstart i stillinga.

Ved tilsettingane på Bremnes ungdomsskule er fire politiattestar registrert i kommunen sitt system *etter* tiltredingsdato i arbeidsavtalane. Ved tilsettingane på Svortland skule er det ikkje mogleg å sjå når politiattestane er registrert i kommunen sitt system, sidan dokumenta ikkje er datert.

I tre av ni tilfelle er dato på attesten og registreringa i kommunen sitt system gjort slik at kommunen kan dokumentere at politiattesten ikkje var eldre enn tre månader når han vart levert. Ved eitt tilfelle er dato for attesten og registreringa i kommunen sitt system gjort over tre månader etter vedkommande byrja i stillinga. Ved fem tilfelle er det ikkje mogleg å kontrollere om politiattestane var eldre enn tre månader når dei vart levert, ettersom dokumenta for kontroll av politiattestane ikkje er datert.

Vår vurdering

Kommunen har etter vår vurdering ikkje ein praksis for å ta atterhald i jobbtillbodet om at merknadar på politiattesten kan føre til at tilbodet blir endra. Vi registrerer at ved Bremnes ungdomsskule er fire politiattestar registrert i kommunen sitt system *etter* den tilsette etter planen skulle starte i stillinga. Ved Svortland skule er det ikkje mogleg å kontrollere når attestane er registrert i kommunen sitt system.



Kommunen kan berre dokumentere at tre av ti politiattestar ikkje var eldre enn tre månader når dei vart levert. Kommunen manglar framleis politiattest frå ein av sine tilsette.

Vår vurdering er at kommunen sin internkontroll per i dag ikkje er systematisk og tilpassa for å sikre at dei innhentar politiattest i samsvar med regelverket.

Vi finn at det er brot på regelverket på dette området.

3.1.2 *De skal følgje opp merknader på politiattesten som gir yrkesforbod, slik at vedkommande ikkje blir tilsett*

Våre observasjonar

Det er rektor som tilset, men også andre tilsette har oppgåver i tilsettingsprosessen. Det vert inngått munnlege avtalar om kven som gjer kva på skulane. Når den tilsette leverer politiattest, vert ein kopi skanna inn, og originalen makulert. Kommunen skriv også at om det er politiattestar med merknadar ved tilsetjing, skal skulen melde dette til kommunalsjef.

Døme frå tilsetjingar ved Bremnes ungdomsskule og Svortland skule

Ved Bremnes ungdomsskule er det ved fire av fem tilsetjingar lagt ved eit notat der det står stadfesting på mottatt politiattest, når politiattesten er datert, dato for registrering og at det ikkje er merknadar på politiattesten.

Ved Svortland skule er det ved fem av fem tilsetjingar lagt ved eit vedlegg der det står stadfesting på mottatt politiattest, når politiattesten er datert og at det ikkje er merknadar på politiattesten.

I ei tilsetjing skriver kommunen at dei framleis manglar politiattest.

Vår vurdering

Det følgjer av regelverket at de ikkje kan tilsetje eller ha i praksis personar som legg fram politiattest med dom eller vedtatt førelegg for seksuelle overgrep mot mindreårige. Kommunen har ein tilsett som ikkje har levert politiattest. Dersom kommunen ikkje har mottatt og kontrollert politiattestar før tiltreding, er det ein risiko for at personar med merknadar på politiattesten blir tilsett eller er i praksis utan at dette blir oppdaga.

Vår vurdering er at regelverket på området ikkje er oppfylt.

3.2 Oppsummering

Vi finn at det er brot på kravet til å innhente politiattest i samsvar med regelverket. Meir konkret gjeld det for kommunen å sikre at det går fram av tilbodet at de tek atterhald om at merknadar på politiattesten kan føre til at tilbodet blir endra, at politiattesten skal liggje føre før søkaren blir tilsett, at politiattesten ikkje skal vere eldre enn tre månader når han blir levert og at de skal følgje opp merknadar på politiattesten som gir yrkesforbod slik at vedkommande ikkje blir tilsett.



4 Våre reaksjonar

4.1 Pålegg om å rette forholda

Vi har avdekt brot på regelverket. Vi pålegg dykk å rette opp følgjande forhold, jf. opplæringslova § 29-2, jf. kommunelova § 30-4:

Kommunen må sikre at:

- det skal kome fram av tilbodet at de tek atterhald om at merknadar på politiattesten kan føre til at tilbodet blir endra
- politiattesten skal liggje føre før søkaren blir tilsett
- politiattesten ikkje skal vere eldre enn tre månader når han blir levert
- personar med merknadar som gir yrkesforbod, ikkje blir tilsett
- den tilsette som ikkje har levert politiattest, leverer politiattest og at personen ikkje har yrkesforbod

4.2 Erklæring og utgreiing om korleis pålegga er retta

Vi ber om at de gjer greie for

- Kva tiltak de har sett i verk eller planlegg å setje i verk for å rette regelverksbrotet
- Korleis de planlegg å følgje med på at tiltaka blir sett i verk og regelverket blir følgt
- Kva for interne fristar de har sett for å sikre framdrift og gjennomføring

Fristen er 15. september 2026.

5 De har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første ledd bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Viss de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå melding om brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klaga til oss. Vi har høve til å gjere om vedtaket. Viss vi ikkje er samde med dykk, sender vi klaga til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjort av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 43.

Venleg helsing

Mats Petter Sydengen
seksjonsleiar

Oda-Johanne Kjørnes
rådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent